



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet		

Sakshandsamar Gry Otneim Leikanger	Arkiv FA-K40	Arkivsak 13/96
---------------------------------------	-----------------	-------------------

Fellingskvote og minsteareal

Saka gjeld

Utarbeiding av kommunal føreskrift for fastsetning av minsteareal og fellingskvote for hjort i Selje kommune jf. § 8 i *Foreskrift om forvaltning av hjortevilt*.

Opplysningar til saka

Kommunane har frå 2002 hatt mynde til å opne for jakt og fastsetje minsteareal jf. §§ 4 og 5 i forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever. Vidare går det fram av § 6 at kommunane ved tildeling, kan fråvike minstearealet med inntil 50 %.

Historikk:

I foreskrift fastsett av Fylkesmannen 10.12.2001 om jakt etter hjort og elg i Sogn og Fjordane, hadde Selje kommune eit minsteareal på 2000 da pr. dyr. Hjortebestanden auka raskt, og for å minske skadar på jordbruksareal, skog og hagar i tillegg til å halde talet på påkøyrslar og trafikkskader lågt, ynskte ein å redusere minstearealet for å kunne ta ut ein tilstrekkeleg del av hjortestammen gjennom jakt. Eit anna argument som talte for å redusere hjortestammen i kommunen, var å sikre helsa til dyra.

I kommunestyresak PS 045/03, vart minstearealet i Selje kommune redusert til 800 da pr.dyr, unnateke Barmen som på grunn av ein svært stor hjortebestand fekk eit minsteareal på 400 da pr. dyr.

I regelen, jf. § 6 i foreskrift om forvaltning av hjort og bever, fekk då Selje kommune eit tildelinggrunnlag frå 400 da til 1200 da pr. dyr, medan på Barmen vart tildelingsgrunnlaget frå 200 da til 600 da pr. dyr.

I dei siste åra har det vore ein større nedgang i hjortebestanden i Selje kommune og sjølv om ein har redusert tildeleingane, ser nedgangen ut til å halde fram. Ved hjortejakta i 2012 var jaktvalda i kommunen tildelt tilsaman 296 dyr. Fellingsstatistikken syner at jaktvalda felte tilsaman 142 dyr som utgjer ein fellingsprosent på 48 %. Utifrå fellingsprosenten kan ein lese at tildelinga ved hjortejakta 2012 var for stor. Ein bør difor auke minstearealet, slik at ein kan tildele færre dyr i ei periode og dermed gje hjortebestanden høve til å ta seg opp att.

Lover/regelverk

Viltloven, Lov av 29.mai 1981 nr.38 om viltet, lovendring av 30.juni 2000.

Naturmangfoldloven, LOV 2009-06-19 nr. 100: Lov om forvaltning av naturens mangfold § 16.

Sakshandsamar si vurdering og konklusjon

Selje kommune skal med heimel i *Naturmangfoldloven*, *Viltloven* og føreskrifter syte for ei god forvaltning av hjortebestanden i Selje kommune.

Selje kommune har difor eit ansvar for å setje i verk tiltak når fellingsrapportar over tid syner nedgang i hjortebestanden, og vil difor auke minstearealet ved å utarbeide ny kommunal føreskrift for fastsetting av minsteareal og fellingskvote for hjortevilt i Selje kommune.

Sakshandsamar tilrår å auke minstearealet i Selje kommune til 1400 da. pr dyr med tildelingsgrunnlag frå 700 da til 2100 da pr. dyr, unnateke Barmen som vert auka til 700 da pr. dyr med eit tildelingsgrunnlag frå 350 da til 1050 da. pr. dyr.

Saksgang

Saka skal leggst fram for driftsutvalet før den vert lagt ut til offentleg ettersyn/høyring.

Vidare saksgang i driftsutvalet med endeleg avgjerd i kommunestyret.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Det vert sett i gong arbeid med å fastsetje ny føreskrift for jakt etter hjort og fastsetjing av minsteareal i Selje kommune.

Ein tek utgangspunkt i at minstearealet for tildeling av løyve i Selje kommune vert auka til 1400 dekar pr. dyr med tildelingsgrunnlag 700 da til 2100 da, unnateke Barmen som vert auka til 700 dekar pr. dyr med eit tildelingsgrunnlag frå 350 da til 1400 da.